



24.08.2020

HJØRUNGAVÅG IDRETTSLAG FOTBALL

HJØRUNGAVÅG IL FOTBALL KORONA

Sist revidert 24. August 2020

1. Grunnleggande

Det er viktig å presisere at treningane ikkje er obligatoriske, men eit tilbod til dei som ynskjer det. Det er krevjande å organisere og derfor krevjast det en del ekstra hjelp frå foreldre i denne krevjande tida. Det krevjast bistand for å ivareta regelen om ein vaksen for kvar gruppe på fire spelarar.

Erfaring og evalueringar er viktig for oss, difor vel vi å starte gradvis aktivitetsstart og gjere erfaringar og evalueringar undervegs.

Norges idrettsforbund (NIF) har utarbeida fellesidrettslege anbefalingar i samarbeid med Helsedirektoratet. Norges Fotballforbund har i tillegg gjeve spesifikke rettleiingar for fotballaktivitet der hensikta er å hindre smitte. Rettleiingane tek utgangspunkt i gjeldande smittevernregelverk og vedtak og anbefalingar, herunder nevnte fellesidrettslege anbefalingar frå NIF.

Anbefalingane er oppsummert i illustrasjonen på neste side;



FOTBALLENS KORONAVETTREGLER



Føler du deg syk,
bli hjemme.



Det bør være **en leder tilstede per gruppe**
som påser at aktiviteten er i henhold til
fotballens koronavettregler.



En gruppe skal være **fast over tid**,
og ha **maks 20 spillere**.



Endring av faste grupper kan
gjennomføres uten opphold i aktivitet,
men **skal begrenses**.



Ballen, kjepler og annet utstyr
skal rengjøres jevnlig.



Bruk av **garderober er tillatt**,
forutsatt forsterket renhold.



Husk gode **rutiner**
for håndhygiene.



Barn og unge **under 20 år kan**
kjempe om ballen, så lenge det er
innad i faste grupper.



Alltid **minst en meters avstand**
så lenge vi ikke spiller fotball.



Unngå unødvendig nærkontakt
i form av high fives, jubling i klynge osv.



24.08.2020

HJØRUNGAVÅG IDRETTSLAG FOTBALL

- Alle organiserte treningar går framfor eigentrening på anlegget.
- ~~Ei fotballbane er eit offentleg område, og det skal maks være 50 personar på staden.~~
- Alle trenarar skulerast i gjennomføring av treningar før si første økt. Vi startar med å prøve organiseringa for Gutar 11 år torsdag den 14. mai, og trenarar får være der for å sett gjennomføringa.
- Kvar trening skal ha ein hovudansvarleg for at aktiviteten er innan smittevern reglane. Lagleiar eller føresett har denne oppgåva – avklarast før treningane.
- Klubben har eigen koronavakt på alle treningane. For instruks – sjå tema 3.
- Antal aktivitetseiarar vert begrensa til det naudsynste.
- Sjekkliste for kven som var på treningane av spelarar, trenarar og hjelpepersonell skal av trenar behaldast i minst 10 dagar. Då kan ein raskare spore smitte om det skulle forkome.
- Maks 20 spelarar per gruppe. Ein leiar per gruppe som sikrar at aktiviteten er innanfor smittevern reglane. For dei minste borna prøvar vi å ha faste grupper med færre born slik at antallet nærkontakter reduserast. For disse kan ein for eksempel ha faste grupper som består av 5-10 personar. Og skifte ut gruppene etter to uker – helst etter en helg, eller et opphold på minst to dager. Vi strekker oss etter å behalde dei same kohortgruppene som på skulane – altså klassevis.
- Til ei kvar tid skal det minimum være ein meters avstand mellom personar, så lenge dei ikkje spelar fotball.
- Spelarar bær være i ei gruppe på 20 personar i minst ei veke før dei skiftar gruppe igjen.
- Det vert sett av eige område for kvar spelarane kan legge frå seg sine saker.
- Klubben oppmodar til positive tilbakemeldingar på rett åtferd. Avvik på reglane takast ein til ein med spelarar for å skape tryggleik.
- Ved gjentakande brot på smittevern reglane vert økta stoppa.
- Spelarar og andre personell som har symptom på sjukdom , eller sjukdom i familiar, må halde seg heime i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet. Dette er spelarar og føresette sitt ansvar.

Spørsmål sendast til klubbens adresse – hjorfootball@gmail.com

2. Sjølve gjennomføringa av øktene

1. Trenarar og hjelpepersonell møter opp eit kvarter før.
2. Det anbefalast at spelarar sykklar til trening, for å unngå trafikk og opphopingar på parkeringsplassen.
3. Spelarar får gjennomgang av reglar før treninga startar. Og det avklarast kva føresette skal hjelpe med på treninga.
4. Når spelarar og personell for økta i forveien har forlate anlegget, kan det neste laget gå inn på treningsfeltet.



24.08.2020

HJØRUNGAVÅG IDRETTSLAG FOTBALL

5. Spelarane sine drikkeflasker, jakker og andre eigendelar skal leggst på avsette plassar langs sponsorskilta før økta kan starte.
6. Kvart lag vaskar ballane ein gong i veka.
7. Etter økta er ferdig stiller spelarar seg i kø for å få spraya antibac på hendene.

3. Instruks for Koronavakter

1. Vaskar ballar og utstyr før treninga – men ikkje visst dei nettopp har vorte vaska.
2. Har på eigen private refleksvest.
3. Tek imot spelarar og hjelper å overhalde reglar frå starten.
4. Hjelpar trenar med gjennomgang av reglar
5. Skal sjå til at alle overheld koronavettreglane
6. Grip inn ved avvik
7. Vaskar ballar etter treninga er ferdig, dersom dei ikkje vart vaska før treninga.

4. Klubbens ansvar

I vegleiaren frå NFF er det informasjon om kva klubben er ansvarleg for, eit samandrag av dei viktigaste punkta er;

- Klubben har ansvar for at fotballaktiviteten i klubbregi skjer innanfor gjeldande vedtak og reglar.
- Klubben må utarbeide og kommunisere tydelege retningslinjer for korleis klubbstyrt aktivitet skal organiserast i eigen klubb.
- Klubbane og/eller anleggseigarar kan ikkje ta ansvar for at eventuell eigenaktivitet på fotballanlegget skjer innanfor helsemyndigheitene sine anbefalingar.
- Det skal ikkje utøvast fotballaktivitet med mindre ein er heilt trygg på at aktiviteten ikkje bidreg til økt smitterisiko og den kan utøvast i samsvar med helsemyndigheitene sine anbefalingar. I motsett fall, skal aktiviteten med ein gong avbrytast.

Vi håpar på eit godt samarbeid med både trenarar/lagleiarar, føresette og spelarar slik vi som klubb kan klare å holde aktiviteten i gong samtidig som vi syt til at vi ikkje utgjer nokon økt risiko for smitte i samfunnet. Dette får vi berre til gjennom godt samarbeid, fokus på det som er viktig og vilje til å fylgje reglane.

Hjørungavåg IL Fotball.

Trivsel og aktivitet for alle

TRIVSEL OG AKTIVITET FOR ALLE TRIVSEL OG AKTIVITET FOR ALLE